

## Årsmelding for KnarvikGospel 2013

Årsmeldinga 2013 har og med haust 2012

KnarvikGospel starta opp hausten 2012. Initiativtakarar var Hildegunn Aase, Rune Haugland, Eli Eidsnes og Gerd Marit Osland Øvretveit.

Dirigent og orkester bestod, og består av:

Dirigent: Eli Eidsnes. Orkester: Hildegunn Aase , piano-keyboard og Rune Haugland, bass.

Vi har hatt øvingar i Knarvik misjonshus annankvar torsdag frå 19.30-21.30. Vi har pause med mat og prat på ca 20 min. Øvingane blir avslutta med avsluttingsord. Heilt frå vi starta har vi vore ca 30 på kvar øving. På medlemslista har vi ca 40 medlemmer.

Hausten 2012 fekk vi styret som satt til årsmøte januar 2014. Styret bestod av:

Benthe F. Helland – kasserer (Gjekk ut av styret sommaren 2013)

Gerd Marit Osland Øvretveit -leiar, skrivar

Arild Stangeland -annonsør

Grethe Midtgård Haaland – styremedlem

Aud Helland – ansvar for pausemat

Nytt styre frå og med årsmøtet 2014 vert:

Gerd Marit Osland Øvretveit -leiar, skrivar

Roy Cato Solheim –Ansvarleg for avslutningsord

Mari Myrene Bleikli – ansvar for pausemat

Andreas Sagstad Berg –kasserar

Styret har møtast etter behov, ein del av «møtene» har vore mailmøter. Saker vi har hatt oppe er: Konstituering av styret, Kva skal koret heite?, semesterprogramma, opptredener, sommar og juleavslutning, kontingent, korleis organisere pausemat, korleis gjennomføre evaluering.

### Vår 2013.

Etter forslag frå medlemmer, ein rundt med diskusjon og avstemming fekk vi namnet KnarvikGospel.

Vi har hatt ni ordinære øvingar, ein øvingslaurdag, to opptredener og sommaravslutning.

Ein av opptredene var eigen konsert.

På slutten av semesteret hadde vi ei evaluering av første året til KnarvikGospel. Med nokre små justeringar var medlemmane tilfreds med slik KnarvikGospel blei drive.

### Haut 2013.

Vi har hatt sju ordinære øvingar og opptredd fire gongar. Fleire opplevde nok det vart litt mange opptredener i forhold til øvingar dette semesteret. Vi slutta av med juleavslutting/julebord 5.desember.

Avslutningsord:

Vi opplever at det er kjekt å vere med i, og drive KnarvikGospel. Vi takkar alle som stiller opp på øvingar, tar eit tak både musikals, sosialt, åndeleg, organisatorisk og praktisk!  
Vi håper på mange kjekke år framover, og vi ynskjer alltid nye medlemmer velkomne!!!

*For styret, Gerd Marit Osland Øvretveit*